



Fjord
kommune

Vedtekter for barnehagane

§ 1. Barnehagane sitt formål og innhald

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, føresegner og retningsliner som Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset og i samsvar med kommunale vedtak.

Barnehagane skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd i samsvar med Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og dugleik. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Barnehagen skal medverke til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§ 2. Eigartilhøve og leiing

Desse vedtektene gjeld for alle barnehagane som Fjord kommune eig og driv. Barnehagane er leia av styrar/verksemdsleiar, og kommunalsjef for oppvekst og kultur er øvste leiar med formannskap som politisk organ.

§ 3. Rådsorgan

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er samansett av foreldre/ føresette til barna i barnehagen.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet er samansett av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Eigar (kommunen) kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Innanfor desse rammene fastset den enkelte barnehage talet på representantar.

Kommunen skal sørge for at viktige saker blir lagde fram for rådsorgana.

§ 4. Opptak og tildeling av plass

Den årlege søknadsfristen for hovudopptak til nytt barnehageår er 15.mars. For dei som allereie har plass, men vil endre den er søknadsfristen 1.mars

Barn som har fått tildelt ein barnehageplass, har plassen fram til feriestenging det barnehageåret dei startar på skulen.

Barnehageåret startar i august, i veke 32. Opptak av barn i barnehagen er delegert til styrar for den enkelte barnehagen. Alle barnehagane i kommunen skal likevel samarbeide om opptak av barn. Kommunalsjef for oppvekst og kultur skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess. Det skal leggast stor vekt på brukarane sine ønskje og behov, men ein kan ikkje automatisk legge til grunn at ein får plass i den barnehagen ein primært ønskjer. I søknaden skal første og andre prioritet kome fram. Dersom barnehagane etter hovedopptaket i mars/april framleis har ledige plassar, kan opptak skje gjennom heile året. I dei tilfelle det vil vere aktuelt, vil den som har oppstartsdato først ha prioritet.

Lov om barnehagar § 12 a. Rett til barnehageplass; Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august i søknadsåret, har etter søknad lovmessig rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne lova med forskrifter. Barn som fyller eit år i september, oktober eller november det året det søkjast om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eit år i samsvar med denne lova med forskrifter.

Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til plass sjølv om dei ikkje fyller 1 år innan utgangen av august.

Ved søking om barnehageplass er 60%, (tre dagar i veka), det minste tilbodet kommunen kan gje for å kunne oppretthalde eit forsvarleg pedagogisk tilbod til barnet. Barnet har rett til barnehageplass i den kommunen der det er busett. Barnet er busett i den kommunen der det har bustadadresse.

Talet på plassar i den enkelte barnehage vert fastsett i samsvar med Barnehagelova og tilhøyrande føresegner.

§ 5. Kjøpeplass i barnehagen

Ved særskilte behov kan brukarar kjøpe heile dagar, til fastsett pris.

§ 6. Oppseiing av plass

Oppseiingstida for barnehageplass er ein måned rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Oppseiinga skal vere skriftleg, og skje gjennom ID-porten. Plass som vert sagt opp etter 31. mars må det betalast for t.o.m. juni måned. For barn som har plass, eller har teke ved plass frå august, bind dei føresette seg til å betale t.o.m. oktober dersom ein ikkje får oppfylt plassen av nytt inntak.

§ 7. Foreldrebetaling

Betalingsattsane vert regulerte gjennom lov, føresegner og sentralt vedtekne retningsliner om foreldrebetaling. Kommunestyret vedtek betalingsattsane med bakgrunn i dette.

For barnehageplass vert det betalt for 11 månader i året. Juli månad er betalingsfri. Det vert ikkje gitt betalingsfritak ved fråvær.

Kommunen har rabattordning for sysken.

Matpengar, som er eit frivillig tilbod, kjem utanom den månadlege foreldrebetalinga.

Gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling:

Fjord kommune følgjer statleg ordning i høve gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling.

§ 8. Opningstider/stengetider

Barnehagane har ope inntil 9,5 timar måndag til fredag. Ein følgjer barnehageruta for Fjord kommune, og årsplan for den enkelte barnehage.

På barnehageruta er det sett av 5 dagar årleg til kurs- og planleggingsdagar for personalet.

Barnehagane er stengde desse dagane. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på barnehagetilbodet og å heve kompetansen til personalet.

Før jul og påske skal det sendast ut behovsundersøking til føresette om behov for plass i jul og påskeveka. Kartlegging over behov skal være klar fire veker før. Dersom færre enn 3 barn ønskjer eit tilbod, vert barnehagen stengt desse dagane.

Onsdag før skjærtorsdag, julaftan og nyttårsaftan er barnehagen stengt.

§ 9. Ferie

Alle barn i barnehagen skal ha minst 4 veker ferie i løpet av barnehageåret, der 3 veker skal vere samanhengande. Den 4. ferieveka kan delast opp. For at det skal reknast som ferie må barnet ha minst to dagar fri etter kvarandre og skal vere innmeldt til styrar på førehand.

Planleggingsdagar og helligdagar reknast ikkje som feriedagar. Barnehagen har stengt 3 veker om sommaren. (Veke 29,30 og 31)

For veke 28 vert det sendt ut behovsundersøking.

§ 10. Helsekontroll og sjukdom

Før eit barn tek til i barnehagen skal det leggest fram relevante helseopplysningar. Helse skjema skal utfyllast og leverast til barnehagen ved oppstart. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan slike opplysningar gjevast av dei føresette på fastsett skjema. Helseopplysningar som det er viktig at barnehagen får, skal ein gi uoppfordra til styrar eller pedagogisk leiar. Sjuke barn skal ikkje møte i barnehagen. I tvilstilfelle avgjer styraren dette. Blir eit barn borte frå barnehagen på grunn av sjukdom eller av andre grunnar, må barnehagen straks få melding.

§ 11. Leike- og opphaldsareal

Norm for innandørs leike- og opphaldsareal er 4 kvm per barn over 3 år og 5,33 (6) kvm per barn under 3 år.

Arealet ute skal vere 6 gonger større enn arealet innandørs.

§ 12. HMS

Styreren er ansvarleg for oppfølging av rutine for HMS

§ 13. Målform

Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i barnehagen.

§ 14. Teieplikt

For all barnehageverksemd gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13f. tilsvarande.

§ 15. Opplysningsplikt

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta, jf. barnehagelova § 21 og § 22.

§ 16. Politiattest

Den som skal arbeide i barnehage må legge fram godkjent politiattest.

§ 17. Tilsyn

Kommunen fører lokalt tilsyn med barnehageverksemda i samsvar med § 16 i barnehagelova.

§ 18. Endringar i vedtektene

Endringar i vedtektene skal leggast fram for Formannsskapet til endeleg avgjerd etter at samarbeidsutvala i barnehagane har fått uttale seg.

Vedteke i kommunestyret 08.02.24, sak 014/24